



## Notat

Dato: 23.02.2016  
Arkivsak: 2016/2372-1  
Saksbehandlar: annaune

---

**Til:** Utval for kultur, idrett og regional utvikling

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Journalføring / arkivering av henvendelsar til politikarane i HFK

*Kjell Håland (A) stilte spørsmål om korleis dei folkevalde bør handtere personlege brev frå verksemder og andre som er involverte i saker der det kan kome motsegner.*

Hordaland fylkeskommune (HFK) skal journalføre alle dokument som dannar grunnlag for saksbehandling og har verdi som dokumentasjon. I offentlegheitslova er det avgjerande for om dokumentet er «gjenstand for saksbehandling» i kva grad det er underlagt journalføringsplikt. Eit saksdokument er dokument som inneheld opplysningar og påførsar knytt til sjølve saka som forvaltningsorganet behandlar og/eller har verdi som dokumentasjon.

HFK styrast etter formannskapsmodellen der det er eit klart og lovbestemt skilje mellom folkevalde og administrasjon. Eit grunnprinsipp er difor at det er saksdokument retta til administrasjonen som blir journalført i fylkeskommunens sak-/arkivsystem. I HFK blir også henvendelsar retta til fylkesordførar og fylkesvarordførar registrert i sak- /arkivsystemet, då dei direkte representerer fylkeskommunen på mange område.

Andre folkevalde vert ikkje å rekne som ein del av fylkesadministrasjonen. E-post eller anna post som politikarar i HFK mottek frå utanforstående vert å rekne som privat eller inngår som del av partia sine private arkiv, og er ikkje underlagt journalføringsplikt .

Generelt skal ikkje enkeltpolitikarar drive saksførebuing og eller saksbehandling utanfor folkevalde organ. Dersom politikarane sit på eller kjem til opplysningar som dei meiner er relevant for ei aktuell sak bør dei sørge for at opplysningane kjem fylkesadministrasjonen i hende og vert journalført og arkivert på rett sak.

Dei etiske retningsliner for folkevalde og tilsette i Hordaland fylkeskommune legg vekt på integritet, og eit viktig punkt er at fylkeskommunen praktiserer openheit, slik at ålmenta kan gjere seg kjent med verksemda i fylkeskommunen og få innsyn i korleis fylkeskommunen utfører oppgåvene sine (pkt 2.2). Når det gjeld private henvendelsar om konkrete saker vil det vere opp til den enkelte politikar å vurdere om henvendelsen er relevant for saksbehandlinga og bør bli sendt over til fylkesadministrasjonen for journalføring.

Kjelde: Arkivlova med forskrift, Offentlegheitslova

